

Hanne Marie Utvær

Stad kommune

8. mars 2021

Presentasjon Per Stave AS. Kommunedelplan for sjøareal - Stadhavet, Vanylvsfjorden.

Viser til samtaler og møte der Per Stave AS presenterte sitt innspel i samband med kommunedelplan for sjøareal. Som tidlegare spelt inn, og nemnt i møte, ynskjer Per Stave AS at området knytt til eksisterande verksemd vert sett av/regulert til industri-/næringsverksemd.

Selskapet har tidlegare sendt inn ei skisse. Vi legg ved ei oppdatert skisse her som viser meir nøyaktig kva selskapet ser føre seg for trong for areal til næring i eit framtidsperspektiv. D.v.s. at alt areal aust for Borgundvågvegen innafor grensene er ynskt avsett til næring/industri.

Planane inkluderer også utfylling i sjø innafor det teikna området. Bakgrunn for planane er at ein ser føre seg ei dobling av bygningsmassane i høve til det som står på eigedomen i dag. Delar av dette er tenkt til pakkeri for oppdrettstorsk med tilhøyrande anlegg for reinsing, kjøll og frys.

I høve til planane om molo er Per Stave AS positive til dette under føresetnad av at ei ilandføring av molo ikkje hindrar eller er til ulempe for Per Stave AS sin vidare utvikling og vekst.

Vennleg helsing

Styret i Per Stave AS

